

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Oskeonsdag – 17. februar 2021

Preiketekst: Matt 12, 38-42

Lesetekst I: Jona 3, 3-10

Lesetekst II: 1 Kor 1, 18-25

Lær av Jona og Salomo!

Jesus fasta i øydemarka i førti dagar, les me (Matt 4). Til slutt vart han svolten, står det. Og han vart freista av djevelen. Så lenge varer også fastetida som me no går inn i, fram mot den stille veka. Frå og med i dag og til og med palmesundag er det førti dagar.

Krossmerke i panna

Namnet på denne onsdagen kjem frå ein eldgamal skikk med å teikna krossmerket i panna, med oske. Krossmerking finn ein ikkje omtalt i Det gamle testamentet, men me les fleire stader om at ein fasta og kledde seg i sekk og oske, mellom anna i leseteksten for i dag frå Jona. Det var ikkje uvanleg heilt fram til 1800-talet å verta krossmerka i panna med oske. Somme stader praktiserte ein også at ein strødde litt oske i håret.

Oskeonsdag har vore lite markert i våre evangelisk-lutherske samanhengar. Men dei seinare åra har det vorte meir og meir vanleg at forsamlingar og kyrkjelydar held enkle kveldsgudstenester denne dagen. Nokre stader deler ein ut fastebøssene på oskeonsdag. Ein og annan har også teke opp att skikken med krossmerking i panna. På same måten som dåpskandidaten vert signa med krossmerket, skal ei krossmerkt panne tilkjennege at ein er under Jesu velsigning og under hans vern.

Vegen mot krossen

Denne dagen markerer ein altså at ein vil fylgja Jesus på hans lange og tunge veg mot krossen, liding og død. Samstundes legg ein bak seg nokre dagar som er meir festprega, som fastelavnssundagen og blåmandagen og feitetirsdagen. Mange skipar til karneval desse dagane, truleg utvitande om at ordet eigentleg tyder farvel til kjøtet (carne vale). Også dei gode bollane med krem frå fastelavnssundag er no historie, og feitetirsdagen er den siste dagen der ein kan setja til livs feit og kraftfull mat.

Men no er det farvel til dette sterke, margfulle og kraftige. No går ein inn i ei førti dagars fastetid. Ikkje så mange praktiserer faste i bokstaveleg tyding. Skjønt det ser ut som om stadig fleire praktiserer heil eller delvis faste i deler av denne tida. Fasta kan også innebera at ein lever enklare og legg frå seg noko av det faste ein omgjev seg med. Ikkje for at ein skal verta verken frommare eller betre som kristen, men for å gje tid og rom for åndeleg konsentrasjon.

Faste skulle ikkje vera framandt for nokon av oss. Det er ikkje berre i Det gamle testamente ein les om dette. Også i Det nye testamente står det om faste. Til dømes hjå Matteus. Legg merke til 6,16-17. Der står det ikkje: Om de fastar. Nei, det står: Når de fastar. Det syner oss at det truleg var ganske vanleg at Jesu vener heldt faste.

Dei viktige orda

Kva seier så teksten til oss denne onsdagen? Jesus er i møte og samtale med mykje folk, både heilt alminnelege jødar og farisearar og skriftlærde. Han underviser om korleis ein skal tenkja om sabbaten, og han syner si makt over vonde ånder. Rett før vårt avsnitt kjem han med sterke ord om korleis me skal ta vare på den sterke reiskapen me har i tunga vår, og munnen vår. Det me seier, er viktig. Og kvart unyttig ord skal me svara for på domedag, átvarar Meisteren.

Då er det at nokre skriftlærde og farisearar seier til Jesus at dei vil sjå eit teikn. Kva slag teikn dei meinte, veit me ikkje. Heller ikkje kva som var intensjonen deira med å be om dette. Teksten syner oss berre at Jesus er avvisande. Dei treng ikkje teikn. Dei kan lesa om fleire teikn i skriftene, og har nok med det. Teikna med profeten Jona og Salomo sin visdom står der, og syner kven Gud er og korleis han har ordna frelse for alle. Folket i Ninive vart frelste då dei bøygde seg under profeten si forkynning, endå så redd og stakkarsleg denne profeten var, og etter at han hadde halde ein rekordkort vekkingsappell (Jona 3,4) Først vakna kongen i Ninive. Så ga han ordre til heroldane sine om å ropa ut ein bodskap til folket om å omvenda seg. Og så vende folket om, og Herren såg det og endra planane sine frå noko vondt til noko godt, Jona 3, 5-10.

Vend om som Ninive-folket

Utan at Jesus seier det med slike ord, er det eigentleg dette han forkynner til dei som står rundt han: Gjer de som kongen, som heroldane hans, og som folket i Ninive gjorde. Vend om!

Uttrykket om å vera i fisken sin buk i tre dagar og tre netter er direkte sitert frå forteljinga om Jona. Og det er heilt tydeleg teke med fordi det peikar hen på at Jesus sjølv skulle døy og stå opp frå dei døde tredje dagen. Sjølv om Jesus «berre» var i døden to netter, er Jona-teiknet eit klart og sterkt signal om kva som skulle skje med Jesus – for at me alle skulle kunna bli frelste, både jøde og heidning, farisear og skriftlærd.

Ho som mista pusten

Dronninga av Saba kom frå landet langt i sør, for å få del i og lytta til Salomo sin visdom. 1 Kong 10 gjev oss ei forvitneleg skildring av møtet mellom desse to. Dronninga kom både for å prøva Salomo med gåter, og ho hadde med seg store og rause gåver til han – og han som i sanning hadde overflod av alt! Men det får liggja her. Det viktigaste var at ho samtala med han og lytta til visdomen hans. Og det står at ho mista beint ut pusten av fascinasjon!

Jesus brukar denne forteljinga slik, til dei som stod rundt han: Om det var god grunn til å reisa langt for å lytta til Salomo og hans visdom (og det var det, i sanning), så er det desto meir grunn til å lytta til Jesus. For her er meir enn Salomo. Han er større enn alle dei store i Det gamle testamente!

Faste-lektyre

Faste-lektyre

Både på Jesu tid og i vår samtid finn ein falske profetar som enten ber om falske teikn, eller ikkje er nøgde med dei teikna me har i Bibelen, og som lett kan føra søkande menneske på villspor. Ja, det finst endåtil dei som meiner dei har fått innblikk i eit nytt kapittel i Bibelen, knytt til Openberringsboka i Det nye testamente. Rett etter vårt tekstsavsnitt seier Jesus noko om ureine ånder og den skadeverknad dei kan gjera om me gjev dei rom i sjel og sinn. Lat oss alle taka oss i vare for slik urein påverknad. Ikkje berre i fastetida, men alltid.

Det finst mange gode fastebøker, både gamle og nye. Les gjerne ei eller fleire av desse. Men kanskje nylesing av forteljingane om Jona og Salomo, inkludert dronninga av Saba, også kan vera mi og di fastelesing i år? Det er spennande stoff, både i dei ytre hendingane, og den åndelege gehalten. Når ein les om alle desse tre, ser ein jo fort at dei var alminnelege menneske dei som oss. Slik sett var dei heilt annleis enn Jesus. Han var fullkommen. Me som er Jesu vener i dag, enten av jødisk eller heidensk bakgrunn, skal likevel ta lærdom av Jona, av Dronninga av Saba, av Kong Salomo. Dei var teikn som peika fram mot Jesus, mot frelsa, sjølv kor alminnelege og ufullkomne dei var. Slik må det også vera i våre liv. All vår gjerning og ferd må vera vitnemål om og til ære for Jesus Messias.

Paul Odland

Pensjonert misjonsrådgievar i Den norske Israelsmisjon

paul.odland@lyse.net